



0-TAXI
post@0-taxi.no

Dato: 14.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/320-6

Brevet er berre sendt som e-post

Spørsmål knytt til eventuell søknad om etablering av ny drosjesentral i Bergen

Me viser til Dykkar brev av 9. januar 2014 der det vert opplyst at 0-TAXI ynskjer å søkja om konsesjon til å driva drosjeformidling i Bergen køyreområde. I samband med dette ynskjer De opplyst kva informasjon fylkeskommunen treng for å behandla ein eventuell søknad.

Bergen køyreområde

Me vil først få orientera kort om Bergen køyreområde som omfattar kommunane, Bergen, Askøy, Fjell og Sund. Per i dag er det 5 sentralar og totalt 750 løyve. Ut frå dei behovsprøvingar som fylkeskommunen gjer årleg, er det ikkje trøng for å auka løyvetalet. Ingen av sentralane kan ha tilslutta meir enn 60% av det totale løyvetalet.

I drosjereglementet for Bergen køyreområde av 01.12.09 (revidert 23.02.12), pkt. 6, heiter det at «*Løyver som fylkeskommunen opprettar er frie, dvs. utan tilknytingsplikt til bestemt drosjesentral på det tidspunktet dei vert oppretta.*» Løyvehavarar har rett til å slutta seg til den sentralen dei ynskjer, så sant det totale løyvetalet i sentralen ikkje overstig 60% av den totale løyvemassen. Den frie tilslutningsretten er eit viktig prinsipp både av omsyn til konkurransen og til løyvehavarane.

På bakgrunn av det som er nemnt, vil ein eventuell ny sentral i køyreområde ikkje få oppretta nye løyve, men må konkurrera om eksisterande løyvehavarar som i dag er knytt til andre sentralar.

Søknadsbehandling

Søknad om etablering av ny taxisentral i Bergen køyreområde vil måtta handsamast politisk. Som ledd i saksførebuinga vil ein senda søknaden på høyring til aktuelle kommunar, taxisentralar og bransjeorganisasjonar i køyreområdet.

Før ein set denne prosessen i gang må fylkeskommunen få ei nærmare utgreiing om 0-TAXI si driftsmodell og organisasjon, samt korleis sentralen tenkjer å rekruttera løyvehavarar. Vidare ynskjer fylkeskommunen informasjon om eigarstruktur og korleis tilslutta løyvehavarar vert representerte og har påverknad på drifta i sentralen. Me vil òg ha tilsendt vedteker for sentralen, samt årsrekneskap for 2012.

Rolf Rosenlund
Leiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.